

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 16/8149-7

Statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 79 Verdsarv fordeling av tilskot

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det løyvde tilskotet frå Statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 79 vert fordelt til fyljande prosjekt i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden:
 - a. Løa ved Gudvangen gard (camping) kr. 220 000,-
 - b. Hansaløa i Undredal kr. 400 000,-
 - c. Tobakkshuset, Nærøyfjorden gard (Tufto) kr. 320 000,-
 - d. Støls huset på Fristølen kr. 300 000,-
 - e. Restaureringsleiar kr. 140 000,-
2. Restmidlar frå 2016 kr. 54 000,- vert løyvd til istandsetjing av løa ved Gudvangen gard (camping)
3. Tilbaketrekte tilskot frå 2011 kr. 65 000,- vert løyvd til istandsetjing av løa ved Gudvangen gard (camping).
4. Tilbaketrekte tilskot frå 2012 kr. 200 000,- vert løyvd til Nærøyfjorden verdsarvpark – parkforvaltar.
5. Tilskot frå 2016 løyvd til prosjektet Stølskulturen i verdsarven kr. 45 000,- vert omfordelt til følgjande prosjekt:
 - a. Styvi gardsmuseum kr. 25 000,-
 - b. Parkforvaltar kulturminne og formidling kr. 20 000,-
6. Fyljande prosjekt får ikkje tilskot frå Statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 79
 - a. Seminar og kurs innan byggjeskikk og handverk
 - b. Nærøyfjorden landskapshotell
 - c. Våningshus på Tufto gard
7. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for utbetaling av midlane i tråd med retningsliner frå Riksantikvaren.

Vedlegg:

1. Brev av 15. mars 2017 frå Riksantikvaren
2. Retningsliner og vilkår for tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden
2. Brev av 10. februar 2017 frå Nærøyfjorden verdsarvpark med søknad om omdisponering av tilskot løyvd i 2016

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Kvart år har eigarar av kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven, til ulike prosjekt i verdsarvområdet. For 2017 fekk fylkeskommunen inn søknadar til 11 ulike prosjekt med ei total søknadsramme på kr. 6 091 000. Av dei innkomne søknadane har Riksantikvaren vurdert tre av dei i forhold til tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 tilskot til freda bygningar i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, då desse prosjekta låg utanfor verdsarvområdet. Desse søknadane blir difor ikkje handsama vidare for tilskot frå post 79. Av dei andre 8 innkomne søknadane var fem om tilskot til konkrete istandsetjingsprosjekt på bygningar i området og tre til ulike prosjekt knytt til formidling, bruk og kompetanseheving.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for 2017 fått tildelt kr. 1 400 000 i tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven, jf. vedlegg 1. Tilskotet skal fordelast til ulike prosjekt for istandsetjing av hus i verdsarvområdet og tiltak for bygging av kompetanse som trengst for å oppnå naudsynt kvalitet.

Fylkesdirektøren har vurdert søknadane i høve føringar gitt i brev av 15. mars 2017 frå Riksantikvaren og i høve Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.

2. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for året 2017 fått tildelt kr. 1 400 000 frå «Bevaringsprogrammet for verdsarv» til ulike prosjekt i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Bevaringsprogrammet har som føremål å utvikle dei åtte norske verdsarvområda som fyrårn for den beste praksisen innan natur- og kulturforvaltning. Gjennom programmet skal verdsarvområda sikrast best mogleg tilstand, forvaltning og formelt vern i tråd med forpliktingane i UNESCO sin verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinene frå UNESCO.

Tilskot frå post 79 går til private eigarar og forvaltarar av verdsarvstadar i Noreg. Av desse åtte verdsarvstadane ligg to i Sogn og Fjordane. Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden og Urnes stavkyrkje. I tillegg er Kvernsteinsbrota i Hyllestad på Riksantikvaren si tentative liste over verdsarv. Fylkeskommunen handsamar berre søknadar frå Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Søknadar om støtte frå post 79 til Urnes stavkyrkje vert handsama direkte av Riksantikvaren.

For 2017 fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune inn søknad om tilskot til 11 ulike prosjekt med ein total søknadssum på kr. 6 091 708. Desse søknadane danna grunnlag for fylkeskommunen sin søknad til Riksantikvaren om tilskot frå post 79 for 2017.

Av dei innkomne søknadane var tre til prosjekt på Otternes Bygdetun. Då desse bygningane ligg utanfor verdsarvområdet har fylkeskommunen i vår søknad til Riksantikvaren bede om at desse søknadane vert vurdert i høve til andre tilskotspostar. I Riksantikvaren sitt brev av 9. februar 2017 hadde dei flytta søknadane frå Otternes Bygdetun over til tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, og det var her eit øyremerka tilskot på kr. 500 000 til Otternes. Søknadane til Otternes bygdetun vart såleis handsama i HNK-sak 12/17 og dei vert difor ikkje handsama i høve tilskot frå post 79.

Dei resterande 8 prosjekta søkte om tilskot på til saman kr. 3 941 708.

I sitt brev av 15. mars 2017 gjorde Riksantikvaren fylgjande vedtak om tildeling av midlar frå post 79 Verdsarv:

VEDTAK:

Riksantikvaren gir med dette eit tilskot frå statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 79 på inntil

kr. 1 400 000,-

Tilskotet skal dekke fylgjande kostnader, i samsvar med søknad:

Tiltak	Søknadssum	Tilskot 2017	Kommentar
<i>Prosjekt for istandsetjing av hus i verdsarvområdet, og tiltak for bygging av kompetanse som trengst for å oppnå naudsynt kvalitet</i>	6 091 000	1 400 000	<i>Tilskotet skal nyttast etter fylkeskommunen si prioritering av innkomne søknader til arbeid med istandsetjing av bygningar, anlegg og kulturmiljø som ber vitne om menneskjas liv tilpassa eit dramatisk fjordlandskap der erosjonsprosesser aktivt verkar (innskrivingskriterium (viii)), eller som underbyggjer den visuelle opplevinga av landskapets eineståande estetiske verdiar (innskrivingskriterium (vii)).</i>
Total		1 400 000	

Riksantikvaren har fylgjande grunngjeving for tildelinga:

«Vestnorsk fjordlandskap er innskripen som eit reint naturområde, men der opplevinga av menneskjas liv og virke i området er ei vesentleg tilleggsverdi. Å ta vare på vitnemål om dette er i tråd med forpliktingane som fyljer av statusen som verdsarv.»

Omdisponering av tilskot løyvd i 2016

Nærøyfjorden Verdsarvpark har i brev av 10. februar 2017 søkt om å få omdisponert tilskot løyvd i 2016 til prosjektet Stølskulturen i verdsarven til prosjektet Styvi gardsmuseum og til stillinga Parkforvaltar for kulturminne og formidling. Dei gjeldande midlane vart fordelt i HNK-sak 23/16. Grunnen til at Verdsarvparken no søker om å få omdisponert desse midlane er at prosjektet Stølskulturen i verdsarven ikkje kjem til å bli gjennomført. Når det gjeld prosjektet Styvi gardsmuseum er dette starta opp, men det har synt seg å bli meir kostbart enn prosjektert. I tillegg ynskjer dei å utvide prosjektet med gjennomføring av intervju med den førre eigar/brukar på Styvi for å dokumentere den munnlege historia/kunnskapen om gjenstandane på gardsmuseet. Verdsarvparken søker difor om å få omdisponert kr. 25 000 av midlane som var løyvd til Stølskulturen i verdsarven til Styvi gardsmuseum.

Stillinga som parkforvaltar kulturminne er ein del av Verdsarvparken si kulturminnesatsing der parkforvaltar mellom anna yter råd og rettleiing til eigarar og brukarar i samband med planlegging og oppfyljing av istandsetjingsprosjekt i verdsarvområdet. For Verdsarvparken er det ei årleg utfordring å finansiere opp denne stillinga og dei søker difor om at kr. 20 000 av tilskotet til Stølskulturen i verdsarven vert omdisponert til finansiering av parkforvaltar stillinga.

Eldre tilskot som skal fordelast

Av ulike grunnar hender det at nokon prosjekt ikkje kjem i gang og tilskotet ikkje vert brukt. Etter ei tid skal dette tilskotet trekkjast tilbake og omfordelast til nye prosjekt i fylket. I tillegg var noko av tilskotet frå 2016 ikkje fordelt. Grunnen til at fylkeskommunen har tilbaketrekte og utfordelte tilskotsmidlar ståande er at vi i ein periode har hatt mangel på gode nok prosjekt.

Oversikt over tilskot som ikkje er fordelt:

2016 kr. 54 000
 2012 kr. 200 000
 2011 kr. 65 000

I årets søknadar var det mange gode prosjekt og eit stort behov for tilskot, fylkesdirektøren har difor tatt med eit framlegg til fordeling av dei tilbaketrekte tilskota for å få i gang dei gode prosjekta som hadde søkt i år.

Fylkesdirektøren er og i prosess med å trekkje tilbake tilskot frå 2014 som er løyvd til eit prosjekt som ikkje er starta opp. Fordeling av desse midlane vil kome i ei seinare sak.

3. Vurderingar og konsekvensar

Føresetnadar og prioriteringar

I vedtaket frå Riksantikvaren vert det presisert at tilskotet skal gå til istandsetjing av hus i verdsarvområdet, og til tiltak for bygging av kompetanse som trengs for å oppnå naudsynt kvalitet. Dei innkomne søknadane for bygningar er vurdert i forhold til prioriteringa gjort i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden og HK-sak 44/14 der hovudutval for kultur gjorde fyljande vedtak:

1. Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden; jf. vedlegg 1, skal vere retningsgjevande for fylkeskommunen sitt engasjement for bevaring og istandsetjing av bygningar i verdsarvområdet.
2. Restaureringsplanen skal vere retningsgjevande i samband med fylkeskommunen si fordeling av midlar frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv.

Eit hovudprinsipp ved antikvarisk arbeid er å ta vare på mest mogleg av originalt material. Delar som må skiftast skal erstattast av delar av tilsvarande materiale tilverka på tilsvarande måte. Vidare skal arbeidet utførast etter dei same handverksmetodane som tidlegare vart nytta i same område.

Ei utfordring i verdsarvområdet er tilgangen på kvalifiserte handverkarar som kan hjelpe eigarar av kulturminna med råd og rettleiing i samband med istandsetjing, og til å gjennomføre prosjekt som har fått tilskot. Ei følgje av dette er at ikkje alle prosjekt som har fått tilskot har blitt gjennomført etter intensjonane. For å hjelpe eigarar i verdsarvområdet med råd og rettleiing nyttar fylkeskommunen ein mindre del av tilskotet til å finansiere stillinga som restaureringsleiar. Restaureringsleiar har ansvar for oppfølging av dei tekniske sidene ved istandsetjingsprosjekta som får tilskot frå post 79. I tillegg skal han hjelpe eigarar som vurderer å gå i gang med nye restaureringsprosjekt med råd og rettleiing i forhold til dei tekniske sidene ved istandsetjing slik at bygningane sine antikvariske verdiar vert ivareteke på ein god måte. Fylkeskommunen har hatt denne ordninga i fleire år og vi ser at kvaliteten på istandsetjingane i området har auka i denne tida.

Fylkeskommunen vil i 2017, i samarbeid med Nærøyfjorden verdsarvpark og verneområdeforvaltar for Nærøyfjorden verneområde, gjennomføre kurs/seminar/informasjonsmøte med eigarar og handverkarar i verdsarvområdet for å auke kunnskapsnivået om antikvarisk istandsetjing av bygningar.

Vurdering av innkomne søknadar

I år kom det inn søknadar til fleire gode istandsetjingsprosjekt, og fleire av dei var til bygningar som er omtalt og prioritert i Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Søknaden frå Gudvangen gard er ei vidareføring av istandsetjinga av løa som eigar fekk ei løyving av strakstiltak til i 2016 (HNK-sak 59/16) der dei gjennomførte det planlagde prosjektet i tråd med søknad. Når det gjeld Hansaløa og stølshuset på Fristølen har restaureringsleiar vore involvert i planleggingsprosessen som rådgjevar for å bidra til at prosjekta tek vare på dei antikvariske verdiane i bygningane. Nærøyfjorden verdsarvpark ved parkforvaltar kulturminne har gjennom mange år gjort eit godt arbeid med å hjelpe fram

istandsetjingsprosjekt i området. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at det er ein person i nærområdet som kan hjelpe eigarar av verneverdige kulturminne i samband med søknad om støtte til istandsetjingstiltak. I år har parkforvaltar hjelpt til med søknadane til tobakkshuset og våningshuset på Nærøyfjorden gard (Tufto) og til løa ved Gudvangen gard. I tillegg kan parkforvaltar hjelpe til med søknadar om tilskot hjå Norsk kulturminnefond og private fond som gjev støtte til kulturminne.

Omtale av dei innkomne søknadane det er føreslått å løyve tilskot til

Løe ved Gudvangen gard

Løa ved Gudvangen gard har i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, 1. prioritet av bygningane i Nærøydalen. Fylkeskommunen har tidlegare i HNK-sak 59/16 gjeve tilskot til strakstiltak på bygningen. Desse tiltaka er gjennomført på ein god måte og eigar søkjer no om tilskot til ferdigstilling av istandsetjinga av løa.

Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at løa vert sett i stand. Eigar har i samband med strakstiltaka i 2016 synt god gjennomføringsevne, og det er viktig at bygningar der istandsetjing er starta opp, vert ferdigstilt. Når den antikvariske istandsetjinga av bygningen er ferdig planlegg eigar å tilpasse han til bruk i drifta av campingplassen, noko som fylkesdirektøren finn svært positivt, då istandsetjinga her vil medverke til utviklinga av næringsverksemda på garden.

Totalsum prosjekt: 524 688 kr

Omsøkt sum: 368 000 kr

Hansaløa i Undredal

Hansaløa er viktig for opplevinga til dei som i dag besøkjer området. Den er den einaste av dei store løene i Undredal som i dag ikkje er kledd og der tømmerkonstruksjonen er synleg. Løa har ein svært synleg plassering ved vegen ned til Undredal sentrum. Vidare er løa ein del av det gamle klyngetunet i Undredal. Løa er omtala i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap.

Tilstanden på løa er i dag kritisk og det er eit stort arbeid å setje den i stand. Delar av grunnmuren er rasa ut og må murast opp att. Tømmerkassa er også i dårleg tilstand og ein må rekne med mykje utskifting av tømmer. Søkjar er positiv til å bruke istandsetjinga av løa som eit objekt for kursverksemd for lokale handverkarar.

Sjølv om tilstanden til løa er dårleg og det vil bli mykje utskifting av tømmer, vurderer fylkesdirektøren det som rett å gå inn med tilskotsmidlar til istandsetjinga. Dette på grunn av at løa er viktig i bygningsmiljøet og for opplevinga til dei som besøkjer Undredal. I tillegg er det etter fylkesdirektøren si vurdering viktig å ta vare på dei gamle bygningane som framleis står i det gamle klyngetunet i Undredal. Vidare er det behov for auka handverkskompetanse innan restaurering i Verdsarvområdet. At eigar er positiv til å bruke istandsetjinga av løa som eit objekt i kurssamanheng vil gje positive ringverknadar både i forhold til kompetanseheving og næringsutvikling i området. Fylkeskommunen vil ha ein vidare dialog med eigar for å få i gang kursverksemd med Hansaløa som objekt.

Den føreslegne tilskotssummen er vesentleg mindre enn det eigar søkte om. Bakgrunnen for reduksjonen i summen er at det tildelte tilskotet til fylket var vesentleg mindre enn omsøkt og då istandsetjinga av løa må gå over fleire år er framlegg til tildeling basert på det ein reknar med at vert brukt i 2017. Fylkesdirektøren er også positiv til at tiltaket bør få ytterlegare tilskot i 2018 for vidareføring av istandsetjinga som starar opp i 2017. Noko som må handsamast i samband med tildeling av tilskot for 2018.

Totalsum for prosjektet: 2 371 500 kr

Omsøkt sum: 2 021 500 kr

Tobakkshus ved Nærøyfjorden gard (Tufto)

Tobakkshuset på Tufto er ein særmerkt bygning som det finst svært få eksempel att av i både verdsarvområdet og i fylket generelt, noko som gir han ein svært høg kulturhistorisk verdi. Bygningen er regulert til bevaring og har 3. prioritet for området Bakka og Tufto i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap. Vidare er han i gjeldande reguleringsplan regulert til vern av kulturmiljø. Bygningen har i dag ein svært dårleg tilstand og det er

fylkesdirektøren si vurdering at ei istandsetjing må starte snarast råd slik at han vert bevart for framtida.

Totalsum for prosjektet: 506 839 kr

Omsøkt sum: 340 000 kr

Stølshuset på Fristølen

Då Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden vart laga var det fleire stølsområde ein ikkje hadde synfare og som av den grunn ikkje vart vurdert saman med dei andre bygningsmiljøa i verdsarvområdet. Planen er at ein ved rullering av planen vil gjennomføre synfaringar til desse områda slik at dei også vert ein del av planen. Fristølen er ein av dei stølsvollane som ikkje vart synfaren og av den grunn er den ikkje omtala i restaureringsplanen.

Stølsvollen Fristølen består av to stølshus og er svært lite endra. Det er ingen nyare bygningar på stølsvollen og han framstår såleis med ei høg grad av autentisitet. Dette gjer at fylkesdirektøren ser det som viktig at denne stølsvollen også i framtida vert bevart. Av den grunn føreslår fylkesdirektøren at det vert gjeve eit tilskot til dette prosjektet sjølv om det ikkje er omtalt i restaureringsplanen. Eigar har søkt om ein mykje høgare sum enn det som er føreslege. Reduksjonen i omsøkt sum og foreslått tildelt sum er ei følgje av tilgjengelege tilskot samt at stølshuset vil få ein høg bruksverdi for eigar når det er ferdig sett i stand.

Totalsum for prosjektet: 933 208 kr

Omsøkt sum: 733 208 kr

Parkforvaltar – kulturminne og formidling

Nærøyfjorden Verdsarvpark søkjer om delfinansiering av stillinga parkforvaltar – kulturminne og formidling. Verdsarvparken har i ei årrekkje hatt ein person i denne stillinga og fylkeskommunen har løyvd støtte til stillinga fleire gonger. Parkforvaltar har bidrege med rådgeving og hjelp til eigarar av kulturminne i området i samband med istandsetjing, søknadar om tilskot og oppfølging av restaureringsprosjekt i området. I tillegg arbeider parkforvaltar med formidling av verdsarvverdiane og kulturminna i området.

Fylkesdirektøren vurderer det som svært positivt at det er ein ressurs i nærområdet som kan hjelpe dei enkelte eigarane med råd og rettleiing i forhold til kulturminne. Vidare er det positivt at parkforvaltar for 2017 planlegg ei kursrekkje innan byggjeskikk og handverk slik at ein er med å auke kompetansen på dette i verdsarvområdet. Då ansvar for planlegging og gjennomføring av denne kursrekkja er lagt til parkforvaltar ser fylkesdirektøren det som hensiktsmessig at ein ressurs i tildeling til parkforvaltar vert øyremerka seminar og kurs innan byggjeskikk og handverk.

Totalsum for prosjektet: 500 000 kr

Omsøkt sum: 200 000 kr

Omtale av innkomne søknadar det ikkje er føreslått å løyve tilskot til

Seminar og kurs innan byggjeskikk og handverk

Nærøyfjorden Verdsarvpark planlegg ei kursrekkje med 10 ulike kurs i og utanfor verdsarvområdet innan temaet byggjeskikk og handverk. Planlagde tema er mellom anna: linoljemåling, skifer og skifertekking, stiskjøtsel, neverflekking, vindaugshistorie og restaurering, og skadedyr og sopp i gamle hus. Søknaden omhandlar gjennomføring av seks av desse kursa.

Planen med ei kursrekkje med tema innan byggjeskikk og handverk er god og det er behov for det for å få opp kunnskapen om praktisk bygningsvern i området. Fylkesdirektøren er likevel noko usikker på om det er realistisk å få gjennomført ei så stor kursrekkje i området. Ansvarleg for kursrekkja er parkforvaltar kulturminne. Fylkesdirektøren har rådd til å løyve eit tilskot til finansieringa av parkforvaltar-stillinga og vurderer det som mest hensiktsmessig at ein del av den ressursen som vert gitt til stillinga vert øyremerka seminar og kurs innan byggjeskikk. På den måten unngår ein å gje ei dobbelt løyving til same prosjektet.

Nærøyfjorden landskapshotell

Nærøyfjorden Verdsarvpark søker om støtte til eit forprosjekt om etablering av Nærøyfjorden landskapshotell der ein ynskjer å bruke gamle stølshus og husmannsstover til overnatting. Fylkesdirektøren vurderer prosjektideen til å vere god, og tek tak i ein ide som har vore teke opp i ulike samanhengar tidlegare i området. Prosjektet vil kunne bidra til istandsetjing og bruk av bygningar som i dag er ute av bruk og står til forfall, noko som på sikt vil bidra til å ta vare på kulturminna i området.

Prosjektet slik det er skildra i søknaden er etter fylkesdirektøren for uferdig, i tillegg er det noko på sida av kva vi nyttar midlar frå post 79 til. Det er ikkje andre samarbeidspartnarar involvert i prosjektet og det er heller ikkje gjort avtalar med eigarar av aktuelle bygningar i området. Verdsarvparken søker og om fullfinansiering av prosjektet, og tilskot frå post 79 skal berre gå til delfinansiering av prosjekt. Prosjektet er interessant og burde etter fylkesdirektøren si vurdering bli noko betre gjennomarbeidd med tydelege delmål for forprosjektet, i tillegg til at ein allereie no burde hatt ei avklaring med eigarar av aktuelle bygningar for å få vurdert realismen i prosjektet. Vidare er dette ein søknad som etter fylkesdirektøren si vurdering passar betre inn i forhold til andre tilskotspostar, til dømes Verdskapingsmidlar som Riksantikvaren fordeler.

Totalsum for prosjektet: 225 500 kr

Omsøkt sum: 105 000 kr

Våningshus på Nærøyfjorden gard (Tufto)

Huset er våningshuset på garden og bustad for eigar. Det er ein del av det gamle gardstunet, men huset er ikkje prioritert i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.

På Tufto er det fleire hus som er regulert til bevaring og som er prioritert i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområdet Nærøyfjorden, mellom anna tobakkshuset som det er føreslege å løyve tilskot til. Fylkesdirektøren si vurdering er at ein her må prioritere å løyve tilskot til dei bygningane i tunet som er regulert til bevaring og som er prioritert i restaureringsplanen.

Totalsum for prosjektet: 78 260 kr

Omsøkt sum: 39 000 kr

Omdisponering av tilskot løyvd i 2016 til prosjektet Stølskulturen i verdsarven

Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at det oppstarta prosjektet med Styvi gardsmuseum vert ferdigstilt. Ved å i tillegg få dokumentert den immaterielle sida ved gjenstandane på museet gjennom intervju med førre eigar/brukar, kan vi i tillegg få tatt vare på mykje kunnskap om korleis dei levde i verdsarvområdet tidlegare. Dette er ein kunnskap som også vil kome til nytte i høve til formidlinga ved gardsmuseet. Fylkesdirektøren vil difor råde hovudutvalet til å imøtekomme Nærøyfjorden Verdsarvpark sin søknad om å omdisponere kr. 25 000 av tilskotet løyvd til prosjektet Stølskulturen i verdsarven, til Styvi gardsmuseum.

Som nemnt ovanfor, er stillinga som Parkforvaltar kulturminne og formidling ei viktig ressurs i verdsarvområdet. Fylkesdirektøren har forståing for at det er utfordrande å finansiere denne stillinga og vil difor rå hovudutvalet til å i møtekomme Nærøyfjorden Verdsarvpark sin søknad om å omdisponere kr. 20 000 av tilskotet frå prosjektet Stølskulturen i verdsarven, til delfinansiering av stillinga «Parkforvaltar kulturminne og formidling».

Oppsummering

Fylkesdirektøren har vurdert dei innkomne søknadane opp mot Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden og føringane i brev frå Riksantikvaren av 15. mars 2017. I tillegg har fylkesdirektøren prioritert å føreslå tilskot til delfinansiering av stillinga som parkforvaltar – kulturminne og formidling då det er viktig å ha ein lokal ressurs som kan bistå eigarar av kulturminne, samt arbeide med formidling og kunnskapsbygging i området. For å ivareta kvaliteten på istandsetjingsprosjekta i området er det etter fylkesdirektøren viktig at fylkeskommunen har høve til å nytte restaureringsleiar for å følge opp dei tekniske sidene ved istandsetjinga.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor ot rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med framlegg. [... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)